

## **Dei regionale utviklingsmidlane**

Alle fylkeskommunane får ei grunnløyving kvart år til prosjekt for regional utvikling.

Størsteparten av midlane til regional utvikling blir fordelt etter folketal innanfor det distriktpolitiske verkeområdet, der departementet tilfører ekstra midlar for å møte distriktpolitiske utfordringar.

Fylke som har få eller ingen kommunar innanfor det distriktpolitiske verkeområdet, og dermed berre mottek grunnløyvinga, er garantert ein minstesum på 11,5 millionar kroner. Dette gjeld fylka Østfold, Oslo, Akershus og Vestfold.

Til slutt tildeler Kommunal- og regionaldepartementet midlar etter skjønnskriterium. Desse går til omstilling, Interreg og kommunale næringsfond.